

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Jan Børge Mikkelsen
Hålandsvegen 91
5936 Manger

Vågenes 26.08.14

Søknad om gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg.

Me har i dag to born som går på Hordabø skule. Ein i 1. klasse og ei i 4. Klasse.
Han i 1. Klasse har i dag gratis skuleskyss ut dette skuleåret, men må betala frå neste år.
Ho som går i 4. Klasse må i dag betala for skyss med buss.
Elevane denne søknaden gjeld er :

Herman Vågenes Mikkelsen

Malena Sande Vågenes

Me meiner at vegen fra Vågenes mot Bø er særskilt farleg skuleveg, og at det ikkje er aktuelt å senda dei åleine langs denne vegen. Me er difor avhengig av at dei tek buss til skulen.
Vegen har varierande standard og bredde, med mange krappe svingar, spesielt mellom Kuvågen og Kvalheim på FV 409. Vegbredda her er heller ikkje over 3 m somme stader.
Det skal og nemnast at det her er 80 sone på denne strekninga.

Håper at de er einige i denne vurderinga og innvilgar gratis skuleskyss, det er ei langt rimeligare løysning enn ei alvorleg ulukke.

Viser ellers til side 11. I trafikksikringsplanen til Radøy Kommune:

Visjon for Radøy:

Hovudmål

Ingen drepne eller alvorleg skadde trafikantar i Radøy kommune, og alle skal ha trygg skuleveg

- **Skuleborna skal ha trafikksikre skulevegar på Radøy.**
- **Vegnettet på Radøy skal utviklast med eit fartsnivå og sikringstiltak slik at ein har lav risiko for møte - og utforkøyringsulukker og unngår farlege konfliktar mellom bil og mjuke trafikantar.**

Håper på positiv tilbakemelding

Venleg helsing



Jan Børge Mikkelsen